

Halvparten nøgde med «Dagmar»-innsats

Analyseselskapet Opinion har spurt nordmenn om kor nøgde dei er med innsatsen som nettselskapa la ned for å gi folk straumen raskt tilbake etter orkanen «Dagmar». Over halvparten av dei spurde svarar at dei er godt nøgde, og berre 12 prosent er misnøgde. Over 570.000 straumkundar miste straumen under 1. juledagsstormen som råka Vestlandet og Midt-Norge.

Kjenner skrekkblanda fryd

SØRSTRAND: No har maskinene til Terøy vore i arbeid på badeplassen på Sørstrand ei god veke tid. – Det ser litt stygt ut nett no. Men vi er litt imponerte over kor mykje dei har fått gjort på berre ei veke.

OLAV HATLEMARK
olav@firadposten.no

– Vi kjenner nesten litt skrekkblanda fryd. Vi veit at det vil verte bra til slutt, sa styreleiar Jan Henrik Nygård og økonomileiar Sigmund Frøyen i Sørstrand folkepark i går. Dei to var på ein kort inspeksjonsrunde for å sjå på utviklinga av det som skal verte eit endå flottare badeanlegg på Sørstrand. Stranda skal mellom anna hevast med nesten ein meter. Dermed håpar dei å unngå at det meste av sanden vert vaska i sjøen att. Det har nemleg vore ei av dei store utfordringane, etter at Magne Hovland og andre entusiastar gjekk i sette i gang arbeidet med å lage til badeplassen.

Mykje masse

Området ser nesten utbomba ut. Terøyfolka har skote både djupt og breitt i berga kring badeplassen. Dette er gjort for å utvide og skaffe nok masse til heving av sandstranda. I tillegg skal dei køyre på med meir masse utanfrå. Sjølv stranda skal få ein ny og finare sand enn det som har vorte lagt her før, medan det skal fyllast meir sjelsand i sjøve sjøen.

– Håpet er det vi gjer no kan friggjere frivillig innsats til noko anna arbeid enn å rydde tang og tare, seier Nygård.

I tillegg skal Terøy fyller ut og lage fundament til to brufeste til øya utanfor. Også her skal det lagast veg som stettar krava til universell utforming. Anbudet for sjøve bruene skal ut i mai. To kraftige brufeste ved land vil vere nok til at dei kan unngå å legge brua på pålar

■ Stor Terøy-fart på Sørstrand-anlegget



ANLEGGSPASS: Sigmund Frøyen og Jan Henrik Nygård i styret for folkeparken litt overraska over å sjå kor mykje som vart gjort

Dei må skaffe noko noko meir pengar for å få bygt sjøve bruene i år, truleg minst 300 000 kroner. Ikkje uoverstigeleg for eit prosjekt som hittil er blitt møtt med veldig stor velvilje.

Berre det siste året har dei fått inn 250 000 kroner frå DNB sitt sparebankfond og 700 000 kro-

ner frå Gjensidige sitt allmenntilgjete fond.

Spelepengar

Dette er med på å styrke eigenkapitalen og gje selskapet ein sterk posisjon til å søkje om spelepengar frå.

Terøy-karane er og i gang med

å planere ut eit område som skal verte ei litt avskjerma sandvolleyballbane like ved badestranda

Her skal byggast veg ut til bålplassen som no vert lagt på eit svaberg heilt ute i sjøkanten. Dei skal og legge vegar langs heile strandområdet for å sikre universell tilgang for dei som må bruke

rullestol. Etter planen skal Terøy også legge ei steintrapp ned til sjøen langs delar av strandkanten og bygge brygge for kajakkar og mindre båtar i utkanten av anlegget. Håpet er at det meste skal vere klart og ferdig til jonsok.

Fire søker rektorstillinga i Eikefjord

Alle dei fire søkerane er kvinner og høyrer heime i Flora kommune, to av dei har adresse Eikefjord.

OLAV HATLEMARK
olav@firadposten.no

Den som tek over som rektor i Eikefjord etter Torleik Stegane vil få ei ekstra spennande utfordring å vere med på utviklinga av eit nytt skulebygg for bygda. Stegane

går av som rektor 1. april.

Dei lokale frå Eikefjord som har søkt er Gro Rukan, (43) landbrukshøgskuleutdanna med ein del skulepraksis, for tida på morspermisjon og mangeårig lærar og rådgjevar ved Eikefjord barne og ungdomsskule, Solveig Endestad Svardal (61)

Dei to andre er Heidi Humlestøl Aasen (43) og Cecilie Udberg Helle (38), begge har yrkestittel adjunkt med opprykk og lang

lærarpraksis frå skular i Flora kommune. Åsen arbeider for tida på Flora ungdomsskule. Helle var lenge på Standal skule

Kommunen har enno ikkje vurdert søknadene eller sett nokon dato for når dei vil tilsetje.

– Talet på søkerar er som det har pleia vore for slike leiartiltingar i kommunen, seier personalsjef Trond Ramstad-Olsen.



Heidi Humlestøl Aasen



Gro Rukan